



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

24.06.2026

Vår ref:

2026/5591

Dykkar dato:

18.03.2026

Dykkar ref:

202525845

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Tore Larsen, 5764 3126
Eirik Brynjelsen, 5557 2170

Fråsegn - konsesjonssøknad for Låvi kraftverk - Aurland - motsegn mot deponiplanar

Statsforvaltaren vurderer planlagde Låvi kraftverk til å vere eit viktig opprustings- og utvidingsprosjekt som kan bidra til å styrke effektbalansen. Dei største negative konsekvensane av tiltaket vil vere knytt til handteringa av tunnelmassane. Vi meiner at søknadsgrunnlaget ikkje sannsynleggjer at avbøtande tiltak for naturmangfald, landbruk og landskap kan gjennomførast som planlagt. Vi fremjar derfor motsegn mot deponiplanane slik dei ligg føre. Dersom tiltakshavar kan belyse at tilgangen på toppmassar er tilstrekkeleg, og slik vise at konsekvensane kan avbøtast som planlagt, kan vi vurdere saka på nytt. Nytt kraftverksavløp i Aurlandsfjorden må avklarast nærare opp mot foreslått marint vern i Sognefjorden, og vi forventar at tiltakshavar spelar dette inn formelt i høyringsperioden for verneforslaget. Det må stillast krav i ein eventuell konsesjon til utforming av deponiet i Låvisdalen, slik at villreintrekket kan oppretthaldast. Ut over dette legg vi til grunn at det blir vurdert om avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiingane kan takast inn som vilkår i ein eventuell konsesjon.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for Låvi kraftverk.

Bakgrunn

Låvi kraftverk er eit opprustings- og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt) innanfor eksisterande reguleringssystem i Aurlandsvassdraget. Kraftverket vil ha inntak i Viddalsvatnet og utløp i Aurlandsfjorden, og vil utnytte det same fallet som dagens Aurland 1 og Aurland 4 Vangen kraftverk. Det skal byggjast ny vassveg (tunnel) på ca. 11 kilometer, kraftstasjon med to nye peltonaggregat, med samla installert effekt på 610 MW og maksimal slukeevne på 75 m³/s (figur 1). Utløpet i fjorden vil liggje ca. 20 meter under vassflata, nær dagens utløp frå Vangen kraftverk. Nettilknytning skal skje via kabeltunnel til Aurland 1 koblingsstasjon. Prosjektet inneber ingen nye reguleringar eller overføringar, og det skal ikkje etablerast nye reguleringsmagasin. Bygginga vil i stor grad nytte eksisterande anleggsvegar, men det skal òg byggjast 240 meter ny permanent veg på fylling i Vassbygdvatnet og 100 meter permanent tilkomstveg til portalbygget for kraftverket. Tunneldrivinga vil generere ca. 2 000 000 m³ massar, og desse skal leggjast i permanente deponi på landbruks- og naturareal.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Figur 1: Kart for Låvi kraftverk; med inntak i Viddalsvatnet (nedst til høyre), tunnelsystem, utløp i Aurlandsfjorden (øverst til høyre), og med planlagde deponiområde. Kjelde: Norconsult; frå konsesjonssøknad for Låvi kraftverk.

Vår vurdering

Opprusting/utviding av eksisterande reguleringar kan bidra til å nå nasjonale mål om energiutbygging, og vil ofte vere å føretrekkje framfor å byggje ut inngrepsfri natur. I søknaden er det opplyst at kraftverket vil være eit viktig bidrag til den nasjonale effektbalansen, spesielt i periodar med høg etterspurnad, og vil leggje til rette for å integrere fleire uregulerbare energikjelder i kraftsystemet. Låvi kraftverk vil òg bidra til å halde straumforsyninga stabil, ved å levere systemtenester og auke fornybar kraftproduksjon noko, med ca. 50 GWh.

Samfunnsnytta av utbygginga skal vegast opp mot ulemper, for mellom anna naturmiljø, landskap og landbruk. Ein eventuell konsesjon må føresetje at utbygginga kan gjennomførast i tråd med miljøprinsippa i naturmangfaldlova § 8 – 12. Avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga bør så langt det er mogleg takast inn som vilkår i ein eventuell konsesjon.

Tiltakshavar vurderer sjølv i søknaden at de største negative konsekvensane av ei utbygging vil vere knytt til massedeponia på Låvi og i Vassbygd, særleg for naturmangfald og landskap. Støy og anleggstrafikk vil utgjere ein mellombels, men monaleg, ulempe for lokal busetnad.

Naturmangfald

Terrestriske naturtypar, artsførekomst

Det er opplyst i søknaden at det gjennom prosjektutviklinga er lagt stor vekt på å unngå å påverke verdifulle naturtypar. Fleire utgreidde alternativ for massedeponi har blitt forkasta, både fordi dei ligg lengst unna tunnelinnslag og på grunn av påviste naturverdiar. Det blir i den samanhengen vist til Vassbrekka, som er eit tidlegare masseuttak, og som i kartlegginga er klassifisert som den mest verdifulle naturtypen som er registrert i samband med prosjektet. Her må det nemnast at verdien skuldast storleiken på lokaliteten, og dermed er eit reint utslag av klassifiseringssystemet i NiN - metodikken, og ikkje er sett på grunn av artsførekomst eller spesielle naturverdiar. Den aktuelle naturtypen ved Vassbrekka, «engaktig sterkt endra fastmark», er òg relativt enkel og rask å etablere,



i motsetnad til på dei planlagde massedeponia Låvi 1 og 2, som dels er tidlegare deponiområde som i dag er vaksne til med skog, og som det vil ta mange tiår å få att.

Vi er derfor einige i det som står i søknaden om at dei største negative konsekvensane ved prosjektet er knytte til tap av naturmangfald på land, særleg i samband med etablering av permanente massedeponi på Låvi og i Vassbygdi, både på og utanfor eksisterande massedeponi. Fleire verdifulle naturtypar, som gammal gråorhøgstaudekog og hagemark, vil bli heilt eller delvis dekte av deponimassar. Dette gir middels til stor negativ konsekvens for naturmangfaldet i desse områda.

Det er generelt gjort eit godt arbeid med kartlegging av naturmangfald i samband med konsesjonssøknaden, men arbeidet er samtidig påverka av at enkelte artsgrupper ikkje er inkluderte. Den viktigaste mangelen gjeld nok insekt, og vi vil særleg peike på at Aurland og Lærdal er kjerneområde for dei to sterkt truga artane hagtornsommarfugl og alvesmygar. Med kartlegging i mai og september vil mange insektartar ikkje kunne registrerast, og dette kan vere noko av forklaringa på mangelen. Det er likevel fullt mogleg å finne relevant informasjon i Artskart.no, der det går fram at Vassbygdi er det viktigaste delområdet for begge dei nemnte artane i Aurland kommune. Begge er påvist like nord for planområdet Vassbygdi (deponi), men dette er ikkje nemnt i naturmangfaldrapporten. Hagtornsommarfugl lever typisk i overgangen mellom skog og opne engområde. Vi vurderer at det er stor sjanse for at både delområde N07 og N08 ved Vassbygdi er undervurderte når det gjeld verdi og konsekvens, fordi viktige organismegrupper ikkje er inkludert i naturmangfaldundersøkinga.

Vi vil likevel peike på at konsekvensane i stor grad vil vere mellombelse når det gjeld område som i dag har engpreg (som nemnde «engaktig sterkt endra fastmark»), ettersom eit godt utforma deponi med eit tynt og næringsfattig grus/jordlag relativt raskt vil kunne utvikle eit rikt artsutval både av karplantar og insekt som ligg nær opp til naturbeitemark eller slåttemark. Inngrep i område der det i dag veks skog, vil trenge svært mykje lenger tid før dei mest iaugefallande spora etter aktiviteten er skjulte.

Villrein

Reguleringsområdet inngår i Nordfjella villreinområde, som er eit nasjonalt villreinområde. Villreinen er ein nasjonal ansvarsart med eigen kvalitetsnorm etter naturmangfaldlova § 13, og er raudlista i kategori «nær truga». Det er mange trugsmål mot villreinen, mellom anna habitatfragmentering, auka ferdsel, hyttebygging, og i stor grad kraftutbygging.

Negativ bestandsutvikling er bakgrunnen for at det relativt nyleg blei lagt fram ei eiga stortingsmelding om villrein, Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*, og som omtalar historisk utvikling, utfordringar i dag, og kva som er regjeringas konkrete mål for villreinen. Meldinga fremjar vidare ny politikk for å nå tilstandsmåla for villreinen, innanfor fem satsingsområde:

- 1) Heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet.
- 2) Auka tilrettelegging av villreinvenleg ferdsel.
- 3) Betre villreinhelse.
- 4) Meir berekraftig bestandsforvaltning av villrein.
- 5) Målretta restaurering av villreinens leveområde.

Tiltak og bruk av verkemiddel skal vere effektive og målretta. Tiltaksplan for Nordfjella villreinområde ligg per no til handsaming i Klima- og miljødepartementet. Her ligg det inne ei rekkje konkrete tiltak, mellom anna om å regulere/redusere samla aktivitet i kjende flaskehalsar som hindrar funksjonelle trekkpassasjar.



For Nordfjella er det den samla belastninga som er det største trugsmålet mot villreinen sitt levevis. Det er ikkje berre kraftutbygginga, men heile spekteret av aktivitet i området som kan påverke villreinen negativt. Det er dermed mange aktørar som må bidra i lag for å styrke villreinbestanden.

Felles for mange av dei gamle trekkvegane i Nordfjella er at både fv50 og kraftutbygging dannar vandringsbarrierar. Magasin har demma ned trekkruter, og reinen sin tilgang til delar av leveområdet er vesentleg redusert. Dei trekka som er att er med det blitt særskilte viktige. Her kan anleggsvegar og sti-/løypenett for turistar utgjere nye utfordringar.

Vi er samde i vurderinga i KU om at kunnskapsgrunnlaget om villrein i Nordfjella er godt. Det er positivt at feltkartlegging, databasar og litteratur er supplert med informasjon frå lokalkjende.

Det er deponiet i Låvisdalen vi vurderer at kan kome i konflikt med villreinen etter at reguleringa er ferdigstilla og sett i drift. Her går det eit villreintrekk til og frå viktige beiteareal i fjellområda ved Liahovden vest for dalen.

Det er omtalt i KU at to-tre år med anleggsarbeid i området vil påverke villreinen negativt, og det er understreka at tiltakshavar må følge gjeldande prosedyre for anleggsarbeid i villreinområde. I søknaden går det fram at villrein på veg mot anleggsområdet kan føre til stans i anleggsarbeidet. Det må stillast krav i ein eventuell konsesjon om at villreinen skal ivareta kast i anleggsfasen, i samråd med villreinnemnd/villreinutval.

Føresett at deponiet blir planert tilsvarande som dagens deponi på området, og det over tid blir revegetert naturleg, er det ikkje venta at tiltaket får konsekvensar i driftsfasen. Ved oppdemminga av Viddalsmagasinet blei det historiske trekket mellom trekket mellom Tarven - Tvinne og resten av Aurland vestfjell borte. KU har vurdert at det viktigaste trekket i dag er ruta sør for magasinet, men at trekket nord for magasinet òg har ein viktig funksjon. Området er prega av inngrep knytt til reguleringa, men villreinen kan forsere desse inngrepsareala. Vi vil understreke verdien av å oppretthalde denne trekket, ikkje minst i lys av at tidlegare trekkrute er demma ned. Det må stillast krav i ein eventuell konsesjon om at deponi Låvisdalen blir utforma og arrondert slik at villreintrekket blir oppretthalde.

Vi viser elles til høyringsfråsegna frå villreinnemnda.

Vassdraget

Auka tappekapasitet frå Viddalsvatnet vil føre til at vasstanden i magasinet vil auke i periodar av døgnet (få timer) frå ca. 5-6 cm/t i dagens situasjon til ca. 8-10 cm/t, innanfor eksisterande reguleringssone. Hovudmønsteret vil framleis vere at magasinet skal tappast ned i løpet av vinteren og fyllast opp att om våren og sommaren, og fyllingskurven i enkeltår vil framleis liggje innanfor dagens variasjonsbredde. Det er ikkje omtalt i søknad eller konsekvensutgreiing at dette vil påverke fisk i magasinet. Dersom endringa likevel vil få noko negativ effekt på fisken, vil det truleg ikkje vere vesentleg for konsesjonsspørsmålet.

Når det gjeld påverknad på fisk i Aurlandselvi, viser vi til høyringsfråsegn frå Miljødirektoratet, som har ansvaret for anadrome laksefisk etter gjeldande arbeidsdeling i miljøforvaltninga.

Aurlandsfjorden

Utsleppspunktet til Låvi-prosjektet er planlagt plassert ved Otnes. Det er innanfor den føreslegne vernegrensa for Sognefjorden marine verneområde. Vi meldte oppstart av vern av Sognefjorden den 8. desember 2022. Mesteparten av Aurlandsfjorden inngår i det foreslegne verneområdet, som no er på høyring ([Forslaget om marint vern av Sognefjorden er no på høyring | Statsforvaltaren i Vestland](#)).



Låvi-prosjektet vil ha ein direkte påverknad på verneforslaget gjennom etableringa av tunnelutslaget i fjorden. Det planlagde tiltaket inneber sprenging under vatn på cirka 20 meters djupne, noko som er i strid med dei føreslegne vernereglane som skal beskytte sjøbotnen mot inngrep. Sidan Aurlandsfjorden er klassifisert som eit «spesielt djupt fjordområde» med eit biologisk mangfald tilpassa miljøforholda, vil fysiske inngrep på botnen vere i strid med verneføremålet. Låvi-dokumenta viser at planane om kraftverket først har blitt formelt fremja gjennom konsesjonssøknaden datert desember 2025. Vi vil påpeike at Hafslund burde ha spelt inn Låvi-prosjektet tidlegare i verneprosessen for Sognefjorden, slik at vi kunne ha avklara desse arealkonfliktane på eit tidlegare stadium. Då vi jobba med forslaget til vernegrenser, plukka vi heller ikkje opp det eksisterande utsleppspunktet, då det ikkje var synleg i *kartgrunnlaget*.

Sidan utløpet frå Låvi kraftverk er planlagt plassert innanfor den føreslegne vernegrensa, **er det viktig at Hafslund Kraft AS kjem med eit formelt innspel i høyringsperioden for marint vern i Sognefjorden**. Høyringa varar fram til 1. november 2026. Innspelet bør gjere greie for kraftverket sine tekniske løysingar og plassering for å unngå vesentleg auka belastning, og sikte til at vernegrensa bør bli tilpassa til Låvi-prosjektet og dermed ta omsyn til samfunnsviktig infrastruktur og pågåande planar. Sidan sprenging/boring er i strid med vernereglane er det beste å heller flytte vernegrensa enn å tilpasse vernereglane.

Ei utbygging vil auke maksimal vassføring ut i Aurlandsfjorden frå 90 til 150 m³/s. Om vi legg vurderinga i KU til grunn, vil auka ferskvasspåverknad nær utsleppspunktet i korte periodar (nokre timar i døgnet) i liten grad endre ferskvasspåverknaden til fjorden eller den estuarine sirkulasjonen frå dagens situasjon.

Jordbruk og jordvern

Søknaden legg opp til tiltak med store konsekvensar for jordvernet, relatert til nasjonalt (2 000 daa/år) og regionalt (180 daa/år) jordvernmål, i form av mellombels omdisponering av 34,2 daa hovudsakeleg fulldyrka jord, og permanent omdisponering av 77,7 daa hovudsakeleg innmarksbeite, i ymse hevd. Jordbruksareala for permanent omdisponering blir rimeleg jamnt fordelt mellom deponia på Låvi og i Vassbygdi. Tiltaka vil også medføre nedbygging av knappe 200 daa skog, men venteleg er her lite, om noko, produksjonsskog eller infrastruktur for skogbruk som blir råka.

Matjord frå dei permanente areala (innmarksbeite) skal ifølgje søknaden takast vare på, mellomagrast og leggst tilbake på deponia (Låvi/Vassbygdi), som «grunnlag for en gradvis gjenoppretting av arealets verdi som beitemark». Vi er svært skeptiske til om dette vil vere realistisk som avbøtande tiltak. Då deponia på Låvi og i Vassbygdi blir svært bratte, og det er vanskeleg å sjå at eit matjordlag vil kunne reetablerast på sprengstein og lause massar, utan at jorda blir vaska ned i og over tippene, og at drenering gjennom fylling vil gi manglande kapillæreffekt og utfordringar med både utvasking/erosjon og uttørking gjennom og nedover desse. Om det likevel er teknisk mogleg til dømes i slakare parti og i forlenginga av gjenverande, eksisterande innmarksbeite, vil det uansett ta svært lang tid, så areala og matjorda som eventuelt blir brukt til dette må i utgangspunktet reknast som tapte.

Omfanget av tilgjengelege *jordmassar* i prosjektet er ikkje utgreidd og forsøkt kvantifisert i søknad eller vedlegg. Det er såleis umogleg å vurdere kor mykje ein har tilgjengeleg til jorddekking på deponia. For store delar av det 330 daa arealet som skal dekkast av deponia vil ein venteleg ikkje kunne hauste nemneverdig jordressurs før utfylling, mellom anna der det er ur, gamle fyllingar, bratt lende og skrint jordlag. Innmarksbeita som blir omdisponerte er venteleg meir «haustbare», og kan såleis bli å bidra med ein uforholdsmessig stor del av disponible jordmassar til deponioverdekking. Med ei gjennomsnittleg jorddjupne på 30 cm kan dei omdisponerte innmarksbeita moglegvis bidra med opp mot 20 000 m³ jordmassar. Dette er matjord som ved anna planlegging og utbygging (etter



plan- og bygningslova) no blir kravd gjenbrukt til jordbruksføremål i kommune- og reguleringsplanar. Dersom vår skepsis til mogleg jordbruksvinst ved reetablering av innmarksbeite på deponia skulle stemme, skulle denne matjordressursen ut frå eit jordbruksomsyn heller vore disponert til jordforbetring på anna, eksisterande jordbruksareal i området. Dette ville i så fall gjere eit venteleg stort innhogg i tilgjengelege jordressursar for overdekking av deponia.

Vi meiner det er ein mangel ved søknaden med vedlegg at den ikkje femner om og ikkje søker å spesifisere omfanget av matjord eller anna jordressurs som er disponibel for tildekking av deponia i prosjektet. Vi viser til motsegngrunnlag som er omtalt i kapittelet om massehandtering.

Vi meiner vidare at påverka matjordressurs bør vilkårsfestast for gjenbruk til jordbruksføremål i konsesjonen, enten matjorda blir disponert til *kvantifisert og tilrettelagt* innmarksbeite på deponi, eller den blir disponert til, for jordbruket meir verdifulle tiltak for dyrking eller oppgradering av jordbruksareal, andre stader i nærområdet. I begge høva må det stillast krav til matjordplan og jordfagleg kompetanse i planlegging og utføring av tiltaket, og eventuelt deponiareal planlagt tilbakeført til innmarksbeite må kartfestast.

Det går ikkje fram av utgreiinga om her finst landbruks-, skogsvegar og liknande som blir vert råka av tiltaka. Om så likevel skulle vere tilfelle, må det stillast krav om tilpassingar som ivaretek tilgang og kontinuitet i slik infrastruktur.

Landskap og friluftsliv

I KU for landskap er deponia vurdert til å få størst negativ effekt på landskapsopplevinga. Deponia vil utgjere store volum, og vil bli svært synlege lokalt. Tiltaka i delområde Låvi er vurdert til å få *stor negativ konsekvens*, og i tre andre delområde er tiltaka vurdert til å få *middels negativ konsekvens*. Mange av tiltaka kjem i område som allereie er påverka av kraftutbygging, men enkelte av desse har over tid fått att ein økologisk verdi og eit meir naturleg preg.

Det er ikkje utarbeidd eigen fagrapport om friluftsliv, men temaet er vurdert av tiltakshavar i søknaden. Det er klart understreka i søknaden at det er svært store friluftsinteresser knytt til tiltaksområdet, som òg er innfallsport til svært populære turruter i Aurlandsdalen.

Det er svært mykje masse som skal deponerast, og området vil vere prega av dette i lang tid. Omfang, utforming, type massar og tilstelling/arrondering av deponia vil vere svært viktige premisser for å lukkast med at deponia over noko tid kan gro til og etter kvart få att eit meir naturleg preg, og ikkje bli liggjande som varige landskapssår i framtida.

Det er viktig at det blir stilt krav om utforming og tilstelling i tråd med tilrådingar i KU-rapporten. Det må kunne dokumenterast at tiltaka er realistiske, og at det mellom anna er nok masse til å få den planlagde avbøtande effekten på landskapet. Vi viser til nærare vurdering av dette i kapittelet om massehandtering og deponi.

Massehandtering og deponi

Det er planlagt å deponere inntil 2 000 000 m³ massar, i stor grad tidlegare påverka areal, men òg monalege mengder på innmark og i naturmiljø. Konsekvensane av dette har vi omtala i kapitla om naturmangfald, landbruk og landskap og friluftsliv. Vi vil orientere nærare om gjeldande regelverk, og deretter kome med vår vurdering av planlagt massehandtering og kunnskapsgrunnlaget ut frå søknad med konsekvensutgreiingar.

Om lovverk og retningslinjer

Massehandteringa og deponiplanane må handsamast som eit stort tiltak, og må utgreiast etter krava i KU-forskrifta og Miljødirektoratets rettleiar M-1243 *Disponering av jord og stein som ikke er*




forurenset. Både mengde masse og areal er langt over KU-krava (større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse). Vi viser òg til ressurspyramiden for bruk av ikkje forureina overskotsmasse (figur 2).

Det er knytt nasjonale interesser til å sikre ei forsvarleg og berekraftig masseforvaltning, jf. rundskriv T-2/16 – revidert mai 2025. Overskotsmassar frå byggje- og anleggsprosjekt er definert som næringsavfall, jf. forureiningslova §§ 27 første ledd og 27a andre ledd. Føremålet med reglane er å unngå at disponering av overskotsmassar fører til skade på miljøet, og samstundes legg til rette for at ressursane i overskotsmassen blir nytta på best mogleg vis og på ein føreseieleg måte.

Samfunnsnyttig bruk vil seie at massen kan nyttast på høgast mogleg nivå i pyramiden. Det kan fremjast motsegn etter vassdragsreguleringslova § 12 og rundskriv T-2/16, mot deponiplanar som «ikkje i nødvendig grad avklarar omfang og vurderer muligheten for gjenvinning av overskuddsmasser, eller sikrer areal til håndtering av massene».

Masse som skal deponerast på eit innmarksareal bør ha som føremål å løyse eit landbruksbehov, og ikkje berre eit deponibehov. Massen bør altså i utgangspunktet kunne betre driftstilhøva og auke produksjonen på arealet.

Det må òg vurderast om dette er massar som eignar seg til føremålet, og om dei òg kan nyttast betre til andre samfunnsføremål. Vi viser igjen til KU-forskrifta, og krava der til alternativvurderingar.



Figur 2: Ressurspyramide for handtering av overskotsmasse av jord og stein som ikkje er forureina. Piler frå figuren viser til forklaring av dei ulike prioriteringane i pyramiden. Figur: Statsforvaltaren i Vestland 2023.

Dersom overskotsmassar frå anleggsarbeid skal brukast i samanheng med nydyrking eller bakkeplanering utan særskilt løyve etter forureiningslova § 11, er det ein føresetnad at massane ikkje er forureina. Vi føreset at massane ikkje er overskrid normverdiane som er fastsett i forureiningsforskrifta kap. 2 vedlegg 1.

Vi viser til krav i Miljødirektoratets veileder M-1243 *Disponering av jord og stein som ikke er forurenset*:

Massetyper og forureiningspotensial

- Kva er geokjemisk kvalitet på tunneldrivemassane (sulfidinnhald, pH, eventuell metallmobilisering)?
- Dokumentasjon på at massane er reine overskotsmassar og ikkje avfallspiktige etter forureiningslova.



- Ved anleggsarbeid vil det normalt oppstå massar som inneheld forureining over normverdien i forureiningsforskrifta kap. 2, f.eks. ein del botnreinskmassar. Slike masser må leverast til godkjent anlegg.
- Massane skal dokumenterast som reine og fri for synleg forsøpling. All masse skal inspiserast visuelt ved åtkomst for å avdekke framandlegeme som plast, metall, betongrestar eller oljeforureining.

Avrenning, sediment og vasskvalitet

- Detaljert plan for avskjeringsgrøfter, sedimenteringsbasseng og sandfang (dimensjonering, drift, vedlikehald).
- Avskjeringsgrøfter og sedimenteringsbasseng må dimensjonerast til periodar med maksimal nedbør.
- Krav om kontinuerleg eller hyppig vassprøvetaking under anleggsfasen, med tiltaksgrenser og rapportering.

Oppfølging, kontroll og etterbruk

- Krav om miljøoppfølgingsprogram for massehandtering og deponiet.
- Etterkontroll etter avslutta anlegg:
 - Vasskvalitet.
 - Stabilitet og erosjon.
 - Jordkvalitet og plantedekke.
- Dokumentert plan for full tilbakeføring til jordbruksareal, utan permanent forringing.

Våre merknader til planlagt massehandtering

Det skal handterast eit svært stort masseoverskot, og det vil forståeleg nok vere utfordrande å kunne nytte massane til gode samfunnsnyttige tiltak og samtidig unngå store klimautslepp og transportkostnader. Det er omtalt i søknaden at det blir samarbeida med Aurland kommune om moglege lokale tiltak, men dei vil eventuelt berre kunne ta unna ein liten del av massane. Vi konstaterer at det er vurdert alternative deponiareal, og at det er dei planlagde deponiområda som har peika seg ut som dei med minst konsekvensar for andre interesser.

Det skal nyttast eksisterande toppmassar til tilstelling/arrondering av deponia. Dette krev at det tilgjengelege jordlaget som kan nyttast er tilstrekkeleg til å dekkje til deponimassane, altså slik at areala på sikt skal bli eit best mogleg landskapstilpassa landbruks- eller naturareal.

Det vil vere urealistisk å kunne ta ut og ta vare på heile jordlaget, då det er innslag av både ur, stein og skog på planlagde areal. Omfanget av tilgjengelege vekstmassar er ikkje vist i søknad, og det er ikkje utrekna kor mykje massar som kan takast vare på og nyttast til dei avbøtande tiltaka på deponia.

Vi etterlyser realistiske utrekningar av masse tilgjengeleg og betre presisert kva som er formålet for dei enkelte deponiareala, om det faktisk kan bli eit nytt beiteareal, eller om det i det heile tatt er nok masse til å dekke til med eit tynt jord-/gruslag. Som nemnt under kapittelet om naturmangfald, kan eit tynt topplag gi grunnlag for å få eit areal som på sikt kan utvikle seg i retning artsrik naturbeitemark eller slåttemark.

Vi vurderer manglande utgreiing om toppmassane, som er heilt avgjerande for planlagt tilstelling av området, til å vere ein vesentleg mangel med søknaden. Vår vurdering er at dette ikkje stettar utgreiingskrava i §§ 17, 19 og 23 i konsekvensutgreiingsforskrifta. Vi meiner derfor at denne delen av saka må opplysast betre, jf. forvaltningslova § 17.



Statsforvaltaren fremjar derfor motsegn mot søknaden slik den ligg føre, og i medhald av vassdragsreguleringslova § 12 andre ledd, og føringar i rundskriv T-2/16. Dersom tiltakshavar kan belyse dei tilhøve vi har teke opp, og at tiltaka kan gjennomførast slik det er søkt om, så kan vi vurdere saka på nytt.

Klima og energi

Statlege planretningslinjer for klima og energi legg til grunn at klima-, natur- og energiomsyn skal ha høg prioritet og vurderast i samanheng. Fornybar kraftproduksjon og styrking av effektbalansen er viktige samfunnsinteresser, og opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg vil ofte vere å føretrekkje framfor utbygging i urørte vassdrag.

Samtidig viser klimagassutgreiinga at Låvi kraftverk er berekna å medføre om lag 123 000 tonn CO₂-ekvivalentar i eit livsløpsperspektiv. Utbygginga inneber òg nedbygging av skog- og jordbruksareal med karbonlagerfunksjon og omfattande massehandtering.

Etter SPR for klima og energi skal reduksjon av klimagassutslepp vektleggjast i planlegging og utbygging. UFF-prinsippet (unngå, flytte og forbetre) skal leggjast til grunn ved val av løysingar og arealbruk. Vi meiner derfor at det bør vurderast krav om utsleppsreduserande tiltak i anleggsfasen, mellom anna fossilfrie eller utsleppsfrie anleggsmaskiner og massetransport, og bruk av lågkarbonbetong og meir klimavenlege materialval.

Vidare bør det dokumenterast korleis omsynet til karbonrike areal og prinsippa for berekraftig massehandtering er vurderte, og korleis prosjektet følgjer opp måla i SPR om reduserte klimagassutslepp og meir sirkulær ressursbruk.

Klimagassutgreiinga viser at slike tiltak kan redusere utsleppa frå prosjektet vesentleg. Vi meiner derfor at klimaomsyn bør inngå som ein del av den samla vurderinga av prosjektet og eventuelle konsesjonsvilkår.

Anna

Vi ser i søknaden at tiltakshavar er kjend med forureiningsregelverket og at det må søkjast om utsleppsløyve for anleggsdrifta. Vi viser elles til kapittelet «Massehandtering og deponi» ovanfor.

Det er utarbeid eigen KU om støy og støv frå anleggsdrifta. Vi legg til grunn at dette blir handtert i tråd med gjeldande statlege retningslinjer, og at det blir stilt krav i tråd med tilrådde avbøtande tiltak. Det er viktig, som understreka i rapporten, at tiltakshavar har god dialog med busetnad og kommunen.

Flaum- og skredfare er vurdert i konsesjonssøknaden. Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
statsforvaltar

Aslaug Aalen
miljødirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Aurland kommune
Miljødirektoratet

Postboks 7900
Vangen 1
Postboks 5672 Torgarden

5020	BERGEN
5745	AURLAND
7485	TRONDHEIM